



Mål og retningslinjer for VØR

Kommunen sin rolle og oppgaver på avfallsområdet er plikter etter forureiningslova (pluss nokre andre krav frå overordna mynde) VØR har delegert ansvar for å ivareta kommunane sine plikter etter § 29, 30 og 31. (der det er stordriftsfordelar av å vere fleire kommunar ilag)

- Frl § 29. Mottaksplikt for avfall: ” Kommunen skal ha anlegg for opplag eller behandling av husholdningsavfall og kloakkslam og ha plikt til å ta imot slikt avfall og slam. ” (Miljøstasjonar / gjenbrukstorg / avfallsmottak. Delegert VØR)
- Frl § 30: ..gi forskrifter som er nødvendig for å få til en hensiktsmessig og hygienisk oppbevaring, innsamling og transport av husholdningsavfall ” (kommunene vedtek lokale renovasjonsforskrifter og gebyrforskrifter)
- Frl § 31: Mottaksplikt for farleg avfall: ” pålegge en kommune å samle inn spesialavfall og kan fastsette plikt for den enkelte til å levere sitt spesialavfall til kommunen”. Delegert VØR.
- Ikkje delegert:
- Frl § 32a: Mottaksanlegg for avfall fra skip : Kommunal mottaksplikt for...
- Frl § 37: Tilsynsplikter: Kommunen kan gi pålegg om at den som har etterlatt, tømt eller oppbevart avfall i strid med § 28, skal fjerne det, rydde opp innen en viss frist.(lokal forureiningsmynde, omfattar også §§ 43,44,46 og 47 om akutt forureining)
- Klima og avfallsplanar. Mål om gjenvinning og innsamling av avfall. Bruk av energi osv.

Kommunene oppretta VØR i 1983 som IKS. Men har samarbeida sidan 1963.

- Volda og Ørsta eig 50 % kvar.
- Vel 4 representantar kvar til representantskapet som vel styret.
- Styret er samansett av to representantar frå kvar av kommunene pluss ein representant frå dei tilsette.



Kommunane som eigarar



Kommunale styringsverktøy = Oppdragsdokumenta våre.

1. Renovasjonsforskrifta. Rullert når det er trong for endringar. Siste med verknad frå 3 februar 2020. (etter at Hornindal kom inn)
2. Gebyrforskrift. Årleg vedteken i samband med kommunens gebyrvedtak. (kan ikkje delegerast)
3. Selskapsavtalen for VØR. Rullert 2001, med unntak av § 12, låneramme som sist vart rullert i 2020. Kommunane har i tillegg vedteke at VØR skal følgje KS sin rettleiar for selskapsstyring.



Kommunale oppgåver vedk. avfall som ikkje er delegert VØR

- Krav om kommunale avfallsplanar for hamner.
- Høve til lokale forskrifter om avfallsplanar og gjenvinning i samband med byggeprosjekt.
- Forskrift for tilsyn med og oppradering av private slamavskiljarar.
- Lokale klimaplanar.
- .

Avfallsstrategi

- I VØR vedtek representantskapet dette som del av overordna mål og retningsliner.
- Hos enkelte andre er det dei enkelte kommunane. (Hos Årim og i Oslo)

Kommunale tilsyn for å sikre at krav vert etterlevd.

- Revisjon. Årleg risikovurderingar og planar for oppfølging av lover og reglar
- Årleg eigarskapsmelding utarbeida av kommunane som vert lagt fram for kommunestyra.
- Vi må levere årleg melding til kommunane om vår aktivitet .
- Forvaltningsrevisjonar.
- Krav om kontaktpunkt mot kommunen – orientering i kommunestyre

Selskapsavtalen = lik lov om IKS.

<https://www.vor.no/vedtekter.6153309-470178.html>

1. Regulerar formålet med selskapet, dvs selskapet sine oppgaver og tilhøvet mellom eigarane. Viktig å hugse på at ei kommune ikkje har instruksjonsmynde over den andre.
 - Eige, bygge og drive behandlingsanlegg for avfall og slam
 - Å drive med innsamling, sortering og transport av avfall og slam
 - Selskapet kan inngå samarbeidsavtalar med kommunar, andre selskap og verksemder.
 - Selskapet kan delta på eigarsida i andre selskap når det ligg innafor ramma kommunelova....
2. Val og samansetning av styre og representantskap. (Representantskapet har fire vekers innkallingsfrist fordi kommunestyret skal ha høve til å binde sine representantar i ei spesiell sak.)
3. Regulerar låneopptak, innkreving av avfallsgebyr, rekneskapsføring og avvikling av selskapet.



Representantskapen sine oppgåver er regulert i IKS lova og selskapsavtalen

- Er VØR sitt politiske organ, med nokre fleire oppgåver enn GF i AS.
- 1. Vedtar årsmelding og rekneskap
- 2. Vedtar årsbudsjett med rammer for låneopptak
- 3. Vedtar overordna mål og retningsliner for drifta, som økonomiplan og overordna instruksar for styre og representantskap, i tråd med KS sin vegleiar for god selskapsskikk.
- 4. Årleg evaluering av styret si verksemd
- 5. Veljer styre med leiar og nestleiar
- 6. Veljer revisor
- 7. Fastsetter møtegodtgjersle til styret.
- 8. Er styret sitt tilsynsorgan.

§ 7.Representantskapets mynde

”Deltakerne utøver sin myndighet i selskapet gjennom representantskapet. Representantskapet er selskapets øverste myndighet og behandler selskapets regnskap, budsjett og økonomiplan og andre saker som etter loven eller selskapsavtalen skal behandles i representantskapet.”

§ 8. Innkalling til møte i representantskapet er fire veker.

”Representantskapets leder innkaller til møte i representantskapet når det er nødvendig for behandling av en sak som etter loven her eller selskapsavtalen skal behandles av representantskapet, og når det ellers er nødvendig for behandling av en bestemt sak.”

”Representantskapets leder plikter å innkalle representantskapet til møte når styret, revisor, minst en av deltakerne eller minst en tredel av representantskapets medlemmer krever det for behandling av en bestemt angitt sak.”

Kommunestyret har instruksjonsrett til sine medlemmer i representantskapet med omsyn til stemming i særskilte saker.

Styret sine oppgåver:

- Har ansvar for organisering av selskapet
- Skal drive i samsvar med selskapet sitt formål, vedtekter, årsbudsjett, og andre retningsliner. Ser til at formuesforvaltning og rekneskapsføring skjer på ein trygg måte.
- Tilset dagleg leiar og fører tilsyn med dagleg leiar sin leiing av selskapet. Dagleg leiar rapporterar og står ansvarleg overfor styret.

Årshjulet -styret. (styret vedtek)

- **Møteplan med saker som skal vere med:**
- **Februar:**
- Første utkast til styrets årsmelding og eigenrapportering.
- Godkjenning av avtalar mellom VØR og RSS.
- Eigenevaluering til styret (utsett frå nevenbermøte)
- **Møte mars:**
- Dagleg leiar sin rapport
- Resultat året før mot budsjett
- Styrets årsmelding, rekneskap og eigarrapportering, med samanstilling mot budsjett same år og året før.
- Styrets årlege melding
- Tilråding i saker til representantskapet i slutten av april

Årshjulet til styret– 2.

- **Møte juni:**
- Resultatet for 1 tertial.
- Strategiplan 2022-25
- Økonomiplan
- **Møte august:**
- Budsjett for komande år.
- Referatsaker: Årsmeldingar i selskap med eigarskap i, div. innkjøpsavtalar
- **Møte november**
- Resultatet for 2 tertial. Betalingssatsar 2022 miljøstasjon / mini gjenbruksstasjon, Styret sin eigenevaluering og Møteplan neste år. Løn dagleg leiar.

Årshjulet - representantskapet

Møte april

- Dagleg leiar sin rapport, Årsmelding, rekneskap og melding til eigarane for året før, med samanstilling mot budsjett same år og året før. Årleg melding frå styret. Val av styre annakvart år, val av revisor kvart år og fastseting av honorar for styret med vara.


• Møte september

- Strategiplan, Økonomiplan
- Budsjett for komande år.

Organisering av VØR



Organisasjonskartet under dagleg leiar



I kvalitetssystemet vårt er instruksar for rep.skap, styre og dagleg leiar samla med KS sine retningsliner.

- Prosedyre . Kap. 5.1.
- Stillingsinstruksar: Kap 5.3. Dagleg leiar.